

Vedtekter for

Foreldrerådets arbeidsutvalg (FAU)

ved Valen Skule

§ 1– Foreldrerådet og Foreldrerådets arbeidsutvalg (FAU)

Foreldrerådets arbeidsutvalg (FAU) skal fremma fellesinteresser for foresatte, vere bindeleddet mellom foresatte og skulen, og jobba for eit godt læringsmiljø for alle elevane ved skulen. FAU har informasjonsplikt ovanfor alle foresatte ved skulen.

På Valen Skule informerer FAU dei foresatte på følgjande måtar:

- Referat frå møta blir delt elektronisk på Visma Flyt
- Informasjon om arrangement og anna blir delt via Facebook og "Ranselpost"

§ 2 – Valg av Foreldrerådets arbeidsutvalg (FAU)

Det er Foreldrerådet som vel arbeidsutvalget (FAU). På Valen Skule velger vi FAU-representantene på følgjande måte:

FAU-representanter blir valgt på våren. Representantene for 1. klasse velges i august/september. Begge valga skal skje i forbindelse med foreldremøter. Rektor og tidligare FAU-leder/nestleder har ansvar for å kalla inn til første FAU-møte i september.

FAU-representantane skal velgast for to år om gongen.

Klassekontaktane fungerer som vara for FAU-representantane.

§ 3 – Konstituering av FAU og valg til andre utvalg

FAU konstituerer seg sjølv ved at FAU-representantane velger: Leiar, nestleiar, kasserar og skrivar. Konstitueringa er gjeldande for eit år av gongen.

FAU vel vidare to representantar til Samarbeidsutvalget (SU). Leiaren for FAU skal vere den eine av disse to representantane.

§ 4 - Møter

FAU har møte cirka 3 gonger i halvåret. Ekstraordinære FAU-møter kan holdast når 1/3 av medlemmene krever det. Leiing av møtet er leiaren sitt ansvar. Dette ansvaret kan delegerast til andre medlemmer av FAU, men agendaen skal alltid vere kjent for FAU-leiar og resten av FAU. Innkalling til møte blir lagt ut på felles Messenger-gruppe og sendt ut pr. mail. Møtereferat blir lagt ut på skulen si delingside – Visma Flyt.

FAU er vedtaksdyktig dersom 2/3 av medlemmene er til stede.

§ 5 – Oppgaver

FAU på Valen Skule skal arbeida for at elevane på skulen skal ha eit godt skulemiljø. Dei skal fremma foresattes interesser, og vere bindeleddet mellom dei foresatte og skulen.

FAU har ansvaret, ilag med Foreldrerådet og klassekontaktane, med å arrangere ulike aktivitetar og tiltak som kan bidra til betre skulemiljø for elevane.

Døme på ulike aktivitetar som har våre arrangert er: Halloweendisco, Kino, Grautfest og Aktivitetsdag.

§ 6 – Økonomi

Bevilgningar til FAU kan kun gis til formål som kjem alle skulens elevar direkte til gode. FAU har disposisjonsrett ovanfor midlar som kjem inn.

FAU skal arbeida for at alle arrangement i skulen og FAU sin regi skal vera gratis, men det kan oppfordrast til at dei som ynskjer det kan bidra økonomisk for at FAU skal ha midler til disposisjon.

Regnskap for skuleåret legges fram på siste FAU-møte på våren.

§ 7 – Taushetsplikt

Foreldrerepresentantane er automatisk underlagt taushetsplikt. FAU skal imidlertid ikkje behandla saker som dreier seg om enkeltpersonar, enkeltelevar, enkeltforesatte eller skulens personale.

§ 8 – Konflikter i FAU

FAU skal være eit samlande utvalg med fokus på det beste for alle elevane. Det er viktig at det er høyrde for uenighet og diskusjon i FAU. Dersom det oppstår konflikhtar, må representantene holde seg saklige og ha alle elevar i sentrum.

§ 9 – Rektors rolle

Rektor har ansvar for å leggja til rette for eit godt heim-skule-samarbeid. Det innebærer blant annet at rektor skal sørge for god kommunikasjon med dei foresatte, ikkje bare enkeltvis, men òg gjennom FAU og andre utvalg. FAU er dei foresattes organ, men det kan vera nyttig å få informasjon direkte fra skulen si leiing. Dette styrer rektor si deltaking på FAU-møter.

Rektor blir invitert til å delta på møter 1-2 gonger i halvåret, og ellers dersom det skulle vera behov for informasjon frå skulen.

§ 10 – Samarbeid mellom FAU og andre utvalg på skulen

FAU på Valen Skule skal samarbeida med Elevrådet og Samarbeidsutvalget (SU)

§ 11 – Endringer av vedtektene

Forslag til endringer i vedtektene må sendast skriftlig til FAU-leiar, seinast tre veker før neste FAU-møte. FAU behandlar innkomne forslag og informerer alle foreldra om foretatte endringar.

Vedtektene blei vedtatt

21.10.19 – Valen Skule